



DET KONGELIGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Næringsministeren

Stortingets president
Stortinget
0026 Oslo

Deres ref

Vår ref

Dato

24/4291

13. juni 2024

Spørsmål nr. 2223 til skriftleg svar om oppdatert oversikt over utviklinga i tall for nye gründerar mv.

Eg viser til brev frå Stortingets president 6. juni 2024 med spørsmål nr. 2223 til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Alfred Jens Bjørlo.

Spørsmål

Kan næringsministeren gi ei oppdatert oversikt over utviklinga i tal nye gründerar, tal nye tidlegfasebedrifter med vekstpotensial, tal investeringar frå venturemiljø i norske selskap og tal søknader til Innovasjon Norge sine tidlegfasevirkemiddel frå 2015 fram til i dag, helst oppdatert med tal frå 1. kvartal 2024 samanlikna med 1. kvartal i åra før?

Svar

Utviklinga i tal nye gründerar

Den mest pålitelege kjelda vi har til tal for nye gründerar er etablerarstatistikken til Statistisk sentralbyrå (SSB). Statistikken frå SSB skil mellom gründerar av *personlege føretak* og av gründerar av *aksjeselskap*. Tabellane under viser tal for dei to kategoriane.

Gründerar av personleg føretak

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Ansvarleg selskap	296	213	179	186	194	223	178	209
Føretak med delt ansvar	1358	1359	1239	1006	907	965	1077	792
Enkeltpersonføretak	34168	34808	35240	34584	38495	38115	40278	39005

Tabell 1 - kjelde: SSB tabell 09308

Gründerar av aksjeselskap

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Etablerarar AS og ASA	28327	31264	32388	31623	31156	35031	41493	34331

Tabell 2 - kjelde: SSB tabell 09308

Føresetnader for tala i tabell 1 og 2

Statistikken frå SSB kombinerer fleire register, mellom anna verksemd- og føretakregisteret og aksjonærregisteret. Dette inneber at det ikkje er oppdaterte tal lenger enn til 2022. Ein person kan vere registrert som gründer i begge tabellane dersom vedkomande både har etablert personleg føretak og aksjeselskap.

Tal nye tidlegfasebedrifter med vekstpotensial

På oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet har Menon Economics nyleg kartlagt talet på oppstartsbedrifter i oppstartsfasen med vekstpotensial i Noreg. Tabellen under viser talet for perioden 2014 til 2022.

Tabell 3: Antal oppstartsføretak (to til fem år gamle) med vekstpotensial. Kjelde: Menon Economics (2024)

År	Oppstartsselskap med vekstpotensial	Netto endring frå førre år
2014	2108	
2015	2510	402
2016	2882	372
2017	3144	262
2018	3248	104
2019	3348	100
2020	3364	16
2021	3282	-82
2022	3111	-171

Føresetnader for tala i tabell 3

Det er gjort ei rekkje føresetnader for å identifisere aktive gründerføretak med vekstpotensial. Mellom anna er det sett krav om at dei må vere aksjeselskap, ikkje vere omregistrerte eller dotterverksemdar av utanlandske konsern, ikkje ha som føremål å berre eige andre verksemdar, og ein eller fleire gründerar må vere inne på eigarsida.

For å kunne kategoriserast som oppstartsbedrift med vekstpotensial må selskapet i tillegg oppfylle eitt av dei tre kriteria nedanfor i perioden to til fem år etter første år med økonomisk aktivitet:

- Innovativt: Selskapet har motteke skattefrådrag for kostnader til forskning og utvikling, såkalla Skattefunn-støtte, minst éin gong i løpet av sine første fem år.

- J-kurve: Selskapet har hatt eit akkumulert driftsunderskot som var dobbelt så stort som akkumulert omsetning i dei første to til fem åra, og har registrerte lønskostnader.
- Kapitalintensivt: Selskapet har gjennomført ei emisjon og auka sin innskotne eigenkapital med minimum 100 000 kroner.

Sidan kriteria er avhengige av rekneskapstal, er tala ikkje fordelte på kvartal og tal for 2023 føreligg ikkje.

Investeringar frå venturemiljø i norske selskap

I tabellane under er det gjeve ei oversikt over høvesvis antal investeringar og investert beløp i både såkorn- og venturefasen i norske porteføljebedrifter i perioden 2015–2023.

Tabell 4: Antal investeringar i norske porteføljeføretak i såkorn- og venturefasen 2015-2023. Kjelde: NVCA sin aktivitetsrapport 2023 (figur 15), tal utarbeida av Menon Economics.

	Såkornfasen	Venturefasen
2015	67	83
2016	56	112
2017	69	120
2018	99	59
2019	91	118
2020	65	137
2021	103	119
2022	109	116
2023	62	104

Tabell 5: Totalt beløp (i millionar kroner) investert i Norske porteføljeselskap i såkorn og venturefasen. Kjelde: NVCA sin aktivitetsrapport 2023 (figur 14), tal utarbeida av Menon Economics

	Såkornfasen	Venturefasen
2015	142	446
2016	94	940
2017	186	928
2018	253	822
2019	258	1305
2020	273	1102
2021	467	1857
2022	433	1348
2023	245	2756

Føresetnader for tala i tabell 4 og 5

Venturefasen er i denne samanhengen definert som fasen der føretaket har noko omsetning, og eit produkt eller ein pilot er introdusert i marknaden, men ein er framleis i ein tidleg fase med utvikling av produktet, marknadsføring og oppskalering av verksemda. Sårkornfasen er i denne samanhengen definert som fasen før føretaket har introdusert produkt til marknaden og før omsetning.

Alle tala er henta frå Norsk Venturekapitalforening (NVCA) som i samarbeid med Menon Economics og PEREP Analytics lagar statistikk over kapitalinnhenting og investeringar utførte av foreiningas medlemmer. Statistikken inkluderer investeringar i norske porteføljebedrifter frå både norske og utanlandske forvaltarar. Siste tilgjengelege aktivitetsrapport inkluderer tal til og med 2023. Aktivitetsrapporten for 2023 vart publisert i mai 2024 og er offentleg tilgjengeleg på nettsidene til NVCA.¹

Tal søknader til Innovasjon Norge sine tidlegfasevirkemiddel

Når det gjeld tidlegfasetilbod, eller oppstartsfinansiering, har Innovasjon Noreg tilbod om både lån og tilskot i tidlegfase. Under følgjer tabellar med statistikk for dette. Tabellane under gjev ei oversikt over antal innvilga søknader og innvilga beløp fordelte på lån og tilskot, både per år og per 1. kvartal i perioden 2015–2024. I tillegg gjev tabellane ei oversikt over samla tilsegn av både lån og tilskot.

Tabell 6 viser per år samla (med unntak for 2024) og tabell 7 per 1. kvartal.

Tabell 6 - Heilår 2015 til juni 2024: Tabellen viser antal og beløp (i tusen kroner) av innvilga søknader til oppstartsfinansiering i Innovasjon Noreg; oppstartslån (frå 2017) og ulike oppstartstilskot.

År	Lån		Tilskot		SUM lån og tilskot	
	Antal	Beløp	Antal	Beløp	Antal	Beløp
2015	0	-	1561	447 945	1561	447 945
2016	0	-	1410	480 851	1410	480 851
2017	78	113 328	918	344 814	996	458 142
2018	111	152 353	769	252 809	880	405 162
2019	128	200 690	699	246 185	827	446 875
2020	402	731 185	1049	392 661	1451	1 123 846
2021	88	125 025	587	197 368	675	322 393
2022	74	107 424	467	195 488	541	302 912
2023	46	78 300	468	182 847	514	261 147
per 6.6. 2024	21	36 960	276	119 620	297	156 580

¹ <https://nvca.wrep.it/private-equity-funds-in-norway-2023>

Tabell 7 – Per 1. kvartal: Tabellen viser antal og beløp (i tusen kroner) av innvilga søknader til oppstartsfinansiering i Innovasjon Noreg, oppstartslån (frå 2017) og ulike oppstartstilskot.

1.kv År	Lån		Tilskot		SUM lån og tilskot	
	Antal	Beløp	Antal	Beløp	Antal	Beløp
2015	0	-	488	146 421	488	146 421
2016	0	-	407	80 636	407	80 636
2017	7	10 500	260	90 831	267	101 331
2018	26	37 200	183	50 869	209	88 069
2019	41	57 660	182	69 824	223	127 484
2020	21	31 900	144	49 719	165	81 619
2021	21	29 500	192	51 955	213	81 455
2022	17	25 200	92	47 565	109	72 765
2023	8	11 000	95	30 889	103	41 889
2024	11	19 460	108	38 923	119	58 383

Føresetnader for tala i tabell 6 og 7

For tilskot er det teke ut alle oppstartstilskot hos Innovasjon Noreg. Dette inneber i hovudsak ulike landsdekkande og distriktsretta etablerartilskot, samt andre tilskotsordningar til etablerarar som tilskot til studentgründerkap. Når det gjeld tilbud av lån til gründerar, har Innovasjon Noreg eitt enkelt låneverkemiddel retta mot gründerar - landsdekkande oppstartslån. Dette har vore tilbode sidan 2017.

Gründerar og oppstartsselskap nyttar òg ei rekkje av Innovasjon Noreg sine andre breie og opne finansieringsordningar, mellom anna Miljøteknologiordninga og Innovasjonskontrakter. Denne type ordningar er ikkje tekne med i oversikta sidan dei ikkje reknast som tidlegfaseverkemidler.

Med vennleg helsing



Cecilie Terese Myrseth